



Vurdering for utvikling

Rapport



Veke 45, 02.-04.11.2020

***Tema: Auka digital kompetanse i Vadheim
oppvekstsenter***

Stad og dato: Vadheim 04.11.2020

Aud W. Ødejord
Vurderar

Torunn Åsnes
Vurderar

Gøril Fristad
Vurderar

Innhald

1. Føreord	3
2. Oppsummering	4
3. Fakta om oppvekstsenteret og val av vurderingstema	4
4. Frå vurdering til endring av praksis	5
5. Framtidsbilete for auka digital kompetanse	6
6. Vurderingar	7
Kvalitetsmål: Barna opplever/erfarer at den digitale praksisen ved oppvekstsenteret bidrar til leik, kreativitet og læring	7
Kvalitetsmål: Tilsette utviklar og nyttar sin digitale kompetanse i arbeidet med barn sin leik, læring og utvikling	9
Kvalitetsmål: Føresette - Oppvekstsenteret samarbeider nært og i forståing med heimen. I felleskap bidreg dei til læring og utvikling rundt tema digital kompetanse hos det enkelte barn	11
Kvalitetsmål: Vadheim oppvekstsenter er ein lærande organisasjon innanfor digital kompetanse	12
7. Spørsmål til refleksjon	14
8. Vidare arbeid	15
Vedlegg:	16
Deltakarar i vurderinga	16
Tidsbruk	16
Metodar	17
Samtaleguidar og skjema	17

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærarar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnhage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene».

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:

«Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen».

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye auge. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilete av kvaliteten i barnehagen, men skal vere eit bidrag til kva skulen/barnehagen må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: www.hafs.no om lag ein månad etter vurderinga.

November 2020

Gøril Fristad

Utviklingsleiar for barnehage og skule
Oppvekst og utdanning i HAFS
Mobil: 92641210
E-post: goril.fristad@fjaler.kommune.no

2. Oppsummering

Vi har møtt eit oppvekstsenter som er heilt i starten av utviklingsarbeidet sitt. Det er kultur for deling av erfaringar og samarbeid på tvers av avdelingar, men ikkje systematisk. Læring innanfor digital kompetanse føregår ved å prøve og feile.

Elevane har god tilgang til relevante digitale verktøy, barnehagen i mindre grad. Det vert lagt til rette for mykje læring gjennom digitale verktøy, noko utforsking, men det kunne vore ønskeleg at leik og skaping fekk større fokus i både skule og barnehage.

Oppvekstsenteret har per i dag ingen IKT-plan. Barnehagen har ikkje implementert IKT-plan for barnehagane i Høyanger. Dei tilsette ønsker felles opplæring innanfor spesifikke digitale område, og tilsette på alle avdelingar seier dei ønsker at arbeidet med digital kompetanse skal bli sett i eit system.

3. Fakta om oppvekstsenteret og val av vurderingstema

Tidlegare var det Vadheim barnehage og Vadheim skule/SFO. Frå august 2019 blei det bestemt at ein skulle slå saman dei to einingane til Vadheim oppvekstsenter. Frå august 2020 blei ordninga permanent.

Oppvekstsenteret ligger sentralt i Vadheim i Høyanger kommune og har i dag 25 barn. Barnehagen har sju barn, det er 18 elevar på skulen og seks barn på SFO. Vi er 13 tilsette i ulike prosentar.

Det største fokus det siste året har sjølvsagt vore oppretting av, og starten på å vere eit oppvekstsenter. Vi får færre og færre barn i området vårt, og må heile tida vere kreative og tenke nytt. Vi har i fellesskap med foreldre og barn utforma ein visjon for oppvekstsenteret: "Vi ser deg. Vi forstår deg. Vi viser deg veg". Visjonen skal feste seg i veggane og bli vår. Det krever tid og felles innsats.

Vi kunne sjølvsagt valt organiseringa av oppvekstsenteret som tema for ekstern vurdering, men fant ut at det var eit for stort tema. Vi landa etter ein diskusjon på temaet digital kompetanse. Det gjorde vi av fleire grunnar:

- Digital kompetanse er eit tema som vil kunne vere felles for alle tilsette i barnehage/skule/SFO.
- Vi ser at vi har mykje å lære når det gjeld digital kompetanse. Vi har eit stort utviklingspotensiale.
- Barnehagen er valt ut til å vere med i Rekomp-prosjektet, og vi vil få moglegheit til å koble på ekstern hjelp og økonomisk drahjelp, noko som kan komme godt med når målet er å auka alle dei tilsette si digitale kompetanse.

Prosjektet digital kompetanse er heilt i startgropa. Vi har pr i dag, før vurderinga, berre utforma framtidsbiletet, som er ein del av jobben før ekstern vurdering. Etter

den eksterne vurderinga er over, vil vi ta tak i nokre av dei utfordringane vurderarane ser at vi har. Vi vil utforme eit utviklingsprosjekt som igjen danner grunnlag for Rekomp-prosjektet. Vi ser for oss at plan for prosjektet er ferdig utforma rundt påske 2021.

4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern barnehage- og skulevurdering er eit verkty for å hjelpe barnehagen og skulen med å vurdere og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blikk frå to «likemenn» som kjem til barnehagen eller skulen for å observere og snakke med barna, foreldra og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i barnehagen eller skulen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.

Ekstern barnehagevurdering består av fem trinn:

1. Velja område for vurdering
2. Lage framtidsbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til barnehagen

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen eller skulen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det



barnehagen/skulen/oppvekssenteret sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med barnehageeigaren og regionen.

Meir om ekstern vurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#)

5. Framtidsbilete for auka digital kompetanse

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, rammeplan eller barnehagen sine egne planar. Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og barnehagen, og til slutt godkjende av barnehagen.

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
<p>Barna</p> <p>Barna opplever/erfarer at den digitale praksisen ved oppvekstsenteret bidrar til lek, kreativitet og læring.</p>	<ul style="list-style-type: none"> · Barna har tilgang til relevante, meningsfylte og tilfredsstillande digitale verktøy · Barna utforskar, leiker, lærer og skaper sjølve gjennom digitale uttrykksformer · Barna opplever glede og meistring i leiken og læringa med digitale verktøy · Barna får støtte og rettleiing i bruken av digitale verktøy
<p>Tilsette</p> <p>Dei tilsette utviklar og nyttar si digitale kompetanse i arbeidet med barn sin lek, læring og utvikling</p>	<ul style="list-style-type: none"> · Tilsette legg til rette for at barna utforskar, leiker, lærer og sjølv skapar noko gjennom digitale uttrykksformer · Alle tilsette har relevant digital kompetanse i høve jobben dei skal gjere · Tilsette held seg orientert om barna sin mediebruk. · Tilsette har ei felles forståing for arbeidet med den digitale kompetansen i kvardagen
<p>Føresette</p> <p>Oppvekstsenteret samarbeider nært og i forståing med heimen. I felleskap bidreg dei til læring og utvikling rundt tema digital kompetanse hos det enkelte barn.</p>	<ul style="list-style-type: none"> · Det er sikker og godt fungerande digital kommunikasjon mellom føresette og oppvekstsenteret · Det er dialog mellom oppvekstsenteret og foreldra når det gjeld digital kompetanse

<p>Vadheim Oppvekstsenter</p> <p>Vadheim oppvekstsenter er ein lærande organisasjon innanfor digital kompetanse</p>	<ul style="list-style-type: none"> · Leiar legg til rette for erfaringsutveksling og opplæring av personalet rundt utviklingstema · Dei tilsette har og viser vilje og evne til utvikling/ending av praksis · Leiar utviklar/legg til rette for eit profesjonsfellesskap på tvers av skule, sfo og barnehage, der ein jamleg reflekterer rundt eigen og felles digital praksis · Oppvekstsenteret har ein felles plan for arbeidet med å utvikle digital kompetanse.
--	--

6.Vurderingar

Kvalitetsmål: Barna opplever/erfarer at den digitale praksisen ved oppvekstsenteret bidrar til leik, kreativitet og læring

1. Barna har tilgang til relevante, meningsfylte og tilfredsstillande digitale verktoy

God praksis:

Elevane på skulen har kvar sin Ipad, dei har også PC, høyretelefonar, skrivar, lamineringsmaskiner, robotbil, mikroskop, lamper som kan haldast over boka og vise på tavla, og andre digitale verktoy tilgjengeleg for alle elevane. Elevane nyttar ulike læringsplattformer, appar og programvare. Alle klasserom er utstyrte med smarttavle. Både elevar og tilsette fortel at dei ulike verktoya brukt aktivt i skulekvardagen.

Praksis som kan bli betre:

Barnehagen har per i dag tre Ipadar som vert brukt med ujamne mellomrom. Ipadane ligg på eit kontor og vert teke fram og brukt i vaksenstyrte aktivitetar. Ipadane har vore til oppdatering, og det tok lang tid før barnehagen fekk dei attende. Barn og vaksne i barnehagen har ein PC som er pedagogisk leiar sin, men ventar på ein PC som kan brukast meir fritt av alle. Barnehagen har ikkje smarttavle. IKT-plan for barnehagane i Høyanger seier noko om kva som er/skal vere tilgjengeleg av digitale verktoy; PC, Ipad, digitalkamera, interaktiv tavle og projektor, og verktoya i barnehageavdelinga i oppvekstsenteret følger ikkje desse retningslinjene.

Dette kjem fram i dokumentanalyse, observasjon og samtale med leiar, tilsette og barn.

2. Barna utforskar, leiker, lærer og skaper sjølve gjennom digitale uttrykksformer

God praksis:

Gjennom observasjon og i intervju med barn/elevlar og tilsette har vi sett at barna/elevane får bruke digitale verktøy til utforsking, leik, læring og skaping. I skulen ser vi at digitale verktøy vert nytta i alle fag, og elevane fortel at dei har laga ting i kunst og handverk med bruk av digitale verktøy. Dei har laga film og PowerPoint som digitale uttrykk. I barnehagen fortel barna at dei skriv ut bilete og teikningar, og dei har mellom anna laminert haustblad.

Praksis som kan bli betre:

Barna i barnehagen seier at dei får sjå på film, teikne og spele spel på Ipad og PC saman med vaksne, men at det vert lite utforsking, leik og skaping med digitale verktøy. Dei vaksne seier det same. På skulen har vi sett mykje god læring, noko utforsking, men det kunne vore ønskeleg at leik og skaping gjennom digitale uttrykksformer fekk større fokus både i skule og barnehage.

IKT-plan for barnehagane i Høyanger har ein progresjonsplan som seier noko om korleis barna kan utforske, leike, lære og skape sjølve gjennom digitale uttrykksformer ved ulik alder. Barnehageavdelinga bør få IKT-planen på dagsorden og setje seg godt inn i denne. IKT-planen kan vere eit godt utgangspunkt når Vadheim oppvekstsenter skal lage sin eigen IKT-plan.

Dette kjem fram i dokumentanalyse, observasjon og intervju med barn, tilsette og leiar.

3. Barna opplever glede og meistring i leiken og læringa med digitale verktøy

God praksis:

Vi har sett barn/elevlar som opplever meistring og glede i leik og læring med digitale verktøy. Dei tilsette fortel også at det er slik. Elevane synest det er kjekt å spele spel som også gjev læring i fag, og både elevlar og tilsette trekker fram spel som Roblox og Minecraft som døme på dette.

Praksis som kan bli betre:

Barnehagen brukar lite digitale verktøy og barna får difor i liten grad oppleve glede og meistring i leik og læring med digitale verktøy. Vi har sett og høyrte at manglande tilgang på digitale verktøy kan vere ei årsak til dette.

Vi har nemnt tidlegare at det bør verte større fokus på at barna får leike, utforske og skape med digitale verktøy. Vi trur at elevane vil oppleve meir glede og meistring

dersom dei får utforske og skape i eit pedagogisk perspektiv. Elevmedverknad er eit stikkord her.

Dette kjem fram i observasjon og intervju med barn, tilsette og leiar.

4. Barna får støtte og rettleiing i bruken av digitale verktøy

God praksis:

Vi har sett at barna får støtte og rettleiing i bruken av digitale verktøy. Barna opplever at dei kan spørre om hjelp når dei treng det. Dei vaksne er nærverande og støttande i barna sin aktivitet med digitale verktøy. Elevane fortel også at dei vaksne snakkar med dei om kjeldekritikk, bildebruk og personvern. Elevar som brukar sosiale medier veit godt kva informasjon ein ikkje bør oppgje på nett og at dei ein møter på nett ikkje alltid er den dei gjev seg ut for å vere.

Praksis som kan bli betre:

Tilsette melder om at dei treng meir kunnskap om korleis bruke digitale verktøy. Nokre elevar fortel at dei somme tider kan meir enn lærarane om digitale verktøy, og at lærarane spør dei om hjelp. Det er ikkje nødvendigvis eit mål at dei vaksne skal kunne meir enn barna om alt innan digitale verktøy, men at dei skal kunne nok til å vere støttande og rettleiande for barna.

Dette kjem fram i observasjon og intervju med tilsette og barn/elevar.

Kvalitetsmål: Tilsette utviklar og nyttar sin digitale kompetanse i arbeidet med barn sin leik, læring og utvikling

1. Teikn på god praksis: Tilsette legg til rette for at barna utforskar, leikar, lærer og sjølv skapar noko gjennom digitale uttrykksformer

God praksis:

Gjennom observasjon har vi sett at det på skulen vert nytta fagleg relevante nettressursar i undervisninga. Lærarane vekslar mellom digitale og analoge læringsverktøy på ein balansert måte, og lærarane verkar trygge på dei ressursane dei nyttar. Elevane seier dei har lært engelske gjennom td. Roblox og blitt betre i matte gjennom å bruke matteprogram. Elevane oppfattar at dei kan be lærarane om hjelp, og får det.

Praksis som kan bli betre:

Vi har sett at elevane skapar eigne digitale uttrykk i Kunst og handverk, og høyrte om at elevane har laga musikk og reklamefilm, men skulle helst sett at det å utforske og skape fekk større fokus i fleire fag. Barnehagen og SFO skal etter kvart få tilgang på

fleire relevante digitale verktøy, og bør då legge til rette for at barna får prøve ut sjølve, vere kreative og skape eigne digitale uttrykk.

Dette kjem fram i observasjon og intervju med tilsette og barn/elevar.

2. Teikn på god praksis: Alle tilsette har relevant digital kompetanse i høve jobben dei skal gjere

God praksis:

Vi har møtt mange tilsette som seier dei testar ut digitale løysingar og programvare på eigenhand, og deler erfaringar med kvarandre. Det er kultur for samskapt læring i oppvekstsenteret, og det verkar vere takhøgd for å prøve og feile på dei fleste avdelingar.

Praksis som kan bli betre:

Tilsette på alle avdelingar seier dei ønsker at arbeidet med digital kompetanse skal bli sett i eit system, og ein ønsker å arbeide etter ein plan på arbeidet. Dei fleste seier at dei har behov for opplæring, og at ein ønsker å utnytte moglegheitene ein har med dei digitale verktøya på ein betre måte.

Det verkar vere ulik oppfatning av kva kompetanse ein treng i høve jobben ein skal gjere, men alle tilsette seier at ein ønsker samarbeid på tvers av barnehage/skule/SFO når ein skal utarbeide ein felles IKT-plan.

Dei tilsette i barnehagen uttrykker at dei er usikre på korleis dei skal bruke verktøya dei har og får på ein god måte.

Under samtalene kjem det fram ønske om opplæring innan: bilderedigering, det å lage animasjonsfilm, programmering, office-pakka, Teams og smart-tavla. Assistentane ved oppvekstsenteret ønskjer grunnleggande opplæring i bruk av digitale verktøy.

Dette kjem fram under samtalar med tilsette og ved observasjon.

3. Teikn på god praksis: Tilsette held seg orientert om barna sin mediebruk

God praksis:

Det er dialogen mellom elev og lærar på skulen som gjer det mogleg for lærarane å halde seg orientert om mediebruken til elevane, og dei tilsette meiner det er viktig at dei held seg orientert. Elevane snakkar ope med dei tilsette om mediebruken sin og vil gjerne fortelje og vise fram kva dei held på med. Fleire av dei tilsette seier at dei har lasta ned appar og program som elevane fortel om, for å kunne setje seg inn i, forstå og halde seg orientert. Ein har hatt nettvett på agendaen på skulen, og lagt opp til refleksjon om kva som er greit å dele på nettet, og kvifor noko ikkje.

Praksis som kan bli betre:

Fleire tilsette seier dei ønsker enno meir kompetanse om elevane sin mediebruk. Det er viktig at oppvekstsenteret heng med i utviklinga, og for å gjere det bør ein freiste å få eksterne aktørar til å komme på til oppvekstsenteret enno oftare. Det er viktig at slik opplæring blir gjeven til alle tilsette.

Dette kjem fram i samtale med tilsette.

4. Teikn på god praksis: Tilsette har ei felles forståing for arbeidet med den digitale kompetansen i kvardagen

God praksis:

Lærarane arbeidar med utvikling av sin digital kompetanse gjennom at dei prøver ut sjølve og deler erfaring. Det same skjer i noko mindre skala i barnehagen. Dei tilsette får dermed ei felles forståing gjennom samarbeid.

Praksis som kan bli betre:

Når arbeidet med å skape felles forståing av arbeidet med digital kompetanse er såpass tilfeldig, er det også tilfeldig kva resultatet vert. Det er viktig at oppvekstsenteret i fellesskap reflekterer meir over tiltak og mål med arbeidet.

Dette kjem fram i samtalar med tilsette og leiar.

Kvalitetsmål: Føresette - Oppvekstsenteret samarbeider nært og i forståing med heimen. I fellesskap bidreg dei til læring og utvikling rundt tema digital kompetanse hos det enkelte barn

1. Teikn på god praksis: Det er sikker og godt fungerande digital kommunikasjon mellom føresette og oppvekstsenteret

God praksis:

Oppvekstsenteret nyttar e-post, Facebook-grupper og telefon når dei kommuniserer med føresette. Dei føresette uttrykker at dei trur den digitale kommunikasjonen som føregår er sikker. Sensitive opplysningar vert overlevert munnleg, og Facebook vert nytta til å sende ut generell info. På skulen nyttar ein Visma. Foreldra opplever at dei kan kome med innspel, og at innspela vert høyrde på. Foreldra er glade for at innspel om td. e-post i staden for ranselpost på vekeplanar og liknande vart høyrd. Foreldra opplever også at det er lett å ta kontakt med oppvekstsenteret.

Praksis som kan bli betre:

Vi er ikkje sikker på at Facebook er den mest sikre kommunikasjonskanalen. Her bør både leiar og skule-/barnehageeigar ha ein gjennomgang av kommunikasjonsrutiner i forhold til GDPR.

Foreldra uttrykker at det kan verte mange kommunikasjonskanalar å følge med på når det ikkje er uttrykt ein tydeleg plan for kva informasjon som skal kome kvar.

Dette kjem fram i samtalar med foreldre, tilsette og leiar.

2. Teikn på god praksis: Det er dialog mellom oppvekstsenteret og foreldra når det gjeld digital kompetanse

God praksis:

Foreldra har fått opplæring i å bruke Visma flyt skule. Programvare og læringsplattformer knytt til fag har vore tema på foreldremøter. Ifølgje foreldra har mobbeombodet vore på skulen og snakka om nettvett og nettmobbing for eit par år sidan. Både foreldre og tilsette seier at det er låg terskel for foreldra å kome med innspel dersom dei ønsker det.

Praksis som kan bli betre:

Både tilsette og foreldre melder at det har vore lite dialog mellom oppvekstsenteret og føresette når det gjeld digital kompetanse, og at foreldre i liten grad vert inviterte til å komme med innspel til dette temaet.

For at oppvekstsenteret og føresette i fellesskap skal kunne bidra til læring og utvikling av digital kompetanse bør oppvekstsenteret legge opp til meir involvering av føresette, og foreldra bør ta meir ansvar for å vere meir delaktige. Ein bør snu fokuset frå informasjon til refleksjon på foreldremøter, sette digitale tema planmessig på sakslista og ha digitale ferdigheiter som eit av fleire faste tema på utviklingssamtalar.

Dette kjem fram i foreldremøte og samtale med tilsette.

Kvalitetsmål: Vadheim oppvekstsenter er ein lærande organisasjon innanfor digital kompetanse

1. Leiar legg til rette for erfaringsutveksling og opplæring av personalet rundt utviklingstema

God praksis:

Dei tilsette seier at det er takhøgd for å spørje og be om hjelp. Dei som kan, er flinke til å dele med andre dei erfaringane dei har. Dette gjer dei både ved hjelp i undervisningssituasjonar og i diskusjonar på skulen i ulike samanhengar.

Praksis som kan bli betre:

Dei tilsette etterlyser meir og betre opplæring innanfor utviklingsområdet. Dei tilsette ønsker å verte tryggare på bruk av både den digitale tavla og bruk av ipad i

undervisninga. Opplæring og erfaringsutveksling skjer no tilfeldig som små drypp i gangar og på personalrom. Tilsette ønsker at erfaringsdeling og opplæring vert satt i system slik at alle får lik opplæring. Her peikar dei òg spesielt på barnehage og assistentar.

Dette kjem fram i observasjon og intervju med tilsette og leiar.

2. Dei tilsette har og viser vilje og evne til utvikling/ending av praksis

God praksis:

Dei tilsette er gode på å hjelpe kvarandre og dele praksis når behov dukkar opp, og ønsker meir samarbeid på tvers. Eit eksempel dei viste til var då skulen var stengt ned og alle måtte endre praksis raskt. Fleire lærarar peiker òg på at dei ønsker å bruke smarttavla betre og ikkje berre som ein "stor overhead". Alle gjev uttrykk for at dette er eit område der dei har stort utviklingspotensiale.

Praksis som kan bli betre:

Vi ser ved fleire høve at lærarar og assistenter ikkje utnyttar dei moglegheitene som ligg der ved bruk av digitale verktøy. Dette er noko dei òg peikar på sjølv som eit behov. For å få dette til bør ein sette opplæring og erfaringsdeling i system. Når ein kjenner til kva moglegheiter ein har, er det lettare å sjå kva ein kan bli betre på.

Dette kjem fram i observasjon og intervju med tilsette, leiar og barn.

3. Leiar utviklar og legg til rette for eit profesjonsfelleskap på tvers av skule, SFO og barnehage, der ein jamleg reflekterer rundt eigen og felles digital praksis

God praksis :

Pedagogisk leiar er frå i haust med på fellesmøte. Det er greitt å komme med innspel og refleksjonar rundt eigen og felles praksis knytt til tema. Utstyr er på plass, både tavler, pc er og Ipadar. Skrivarar er godt fungerande. Det har vore tema å vikariere for kvarandre og nokre tilsette jobbar fleire stader.

Praksis som kan bli betre:

Erfaringsdeling og refleksjon rundt både eigen og felles digital praksis bør settast i eit system der både skule, barnehage og SFO er med, for å sikre at alle får den same informasjon og kunnskap. Det bør bli meir jamleg og ikkje tilfeldig slik det går fram av tilbakemelding frå både leiar og tilsette at det er i dag.

Dette kjem fram i observasjon og intervju med tilsette og leiar..

4. Oppvekstsenteret har ein felles plan for arbeidet med å utvikle digital kompetanse

Praksis som kan bli betre:

Ein plan felles for heile oppvekstsenteret må på plass slik at dei kjem i gang med arbeidet med å utvikle den digitale kompetansen i organisasjonen.

Dette kjem fram i observasjon og intervju med tilsette og leiar.

7. Spørsmål til refleksjon

Utviklingsområde	Idear
Barneperspektivet	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kan barna samarbeide og samhandle på tvers av avdelingane rundt digitale verktøy? Til dømes gjennom bruk av robotbil, mikroskop mm. Kan dei eldste barna vise barnehagebarna? På same måte som at ein har elevar inn i barnehagen til å lese for barna der, kan elevar vise fram bruk av digitale verktøy og hjelpe barnehagebarn til å utforske og skape.• Korleis kan barna få skape og utforske meir gjennom digitale verktøy?• Korleis kan ein legge til rette for elevmedverknad gjennom bruk av digitale verktøy?
Tilsetteperspektivet	<ul style="list-style-type: none">• Mykje i framtida skjer digitalt. Kva slags kompetanse er det barna treng til å meistre denne utviklinga? (Seleksjon, kjeldekritikk, digital dømmekraft, (nettvett))• Korleis bruke tavla til meir enn ein projektor?• Tips til barnehagen: Gjere dukkekroken om til digitalt rom? Bruk IKT-planen og rammeplanen som styringsverktøy. Kva med å ha dagens fotograf?• Korleis legge til rette for elevmedverknad gjennom bruk av digitale verktøy?
Føresetteperspektivet	<ul style="list-style-type: none">• Korleis snu fokuset frå informasjon til refleksjon på foreldremøter?• Korleis sette digitale tema planmessig på sakslista, og ha digitale ferdigheiter som eit av fleire faste tema på utviklingssamtalar?

Organisasjonsperspektivet	<ul style="list-style-type: none"> ● Med utgangspunkt i visjonen: “Vi ser deg, vi forstår deg, vi viser deg veg”, korleis vise veg utan ein plan for kvar ein skal gå? Kva veg skal oppvekstsenteret gå? ● Korleis organisere og planlegge utviklingsarbeid? ● Korleis involvere alle tilsette like mykje i utviklingsarbeidet? ● Kva bør innhald/tema vere på felles utviklingstid? ● Kva slags planverk må vere på plass for at oppvekstsenteret skal fungere? ● Korleis kan barnehageavdelinga få IKT-planen for barnehagane i Høyanger på dagsorden og bruke denne og bruke denne i kvardagen? ● Kan denne IKT-planen vere eit godt utgangspunkt når Vadheim oppvekstsenter skal lage sin eigen IKT-plan?
---------------------------	--

8. Vidare arbeid

Innan ein måned etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein måned etter vurderinga skal barnehagen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom rapporten skal barnehagar rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til barnehagane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Stad og dato:

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Vedlegg:

Deltakarar i vurderinga

Interne: Tilsette Vadheim oppvekssenter, leiar, barn/elevlar, foreldre/føresette.

Eksterne: Torunn Åsnes, Aud Wesenlund Ødejord og Gøril Fristad.

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og fire dagar i barnehagen. I små barnehagar kan det verte brukt mindre tid, men avhengig av temavalet.. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Tidsplan for heile prosessen

- Veke 33: Oppstartsmøte med heile personalet og utviklingsrettleiar
Vurderarar blir kopla på
- Veke 39: Skulen sender råmateriale til framtidsbilete (Bjordal sine utkast)
- Veke 39: Vurderarane møter oppvekssenteret
Arbeid med framtidsbilete
- Veke 39-43: Oppvekstssenteret arbeider med framtidsbiletet
Vurderarane gjev tilbakemelding på framtidsbilete
Rektor sender relevante dokument (IKT-plan, årsplanar ol.) til vurderarane
- Veke 43: Oppvekssenteret godkjenner framtidsbilete
Vurderarane sender over innbyding til foreldremøte. Oppvekssenteret sender ut innbydinga saman med framtidsbilete.
Oppvekssenteret inviterer også tilsette, foreldreutval/samarbeidsutval, PPT?, leiar i elevråd og kommunalsjef (Stig og Solveig) til presentasjon av rapport siste vurderingsdag
- Veke 44: Vurderarane utarbeidar samtaleguidar med grunnlag i framtidsbilete
Rektor sender desse tekstane til vurderarane (skal limast inn i rapporten):
- Presentasjon av skulen
 - Bakgrunn for val av vurderingstema

Tidsplan vurderingsveke 45

	Måndag	Tysdag	Onsdag
08.15	Oppmøte	Samtale elevlar 2.-3. kl.	Rapportskriving
09.20	Samtale leiar	samtale lærar/ observasjon	
10.00	Observasjon	Samtale elevlar 6.-7 kl./ observasjon	
11.00	Lunsj	Lunsj	
11.35	Samtale elevlar 5. kl./ observasjon		
12.00	Samtale vaksne/ observasjon	Samtale vaksne	
12.30	Samtale elevråd/ observasjon		

13.15	Samtale lærar/ observasjon	Samtale barn/ observasjon	
14.30			Framlegg rapport til leiar
16.30			Framlegg rapport Vadheim oppvekstsenter
18.00	Foreldremøte		

I etterkant av vurderinga:

Det skal gjennomførast eit oppfølgingsmøte der alle vurderarane, tilsette og barnehage- og skuleeigar er til stades. På dette møtet presenterer oppvekstsenteret planen dei har for vidare arbeid med utviklingstemaet. Barnehagen er med i Rekomp-ordninga og skal få oppfølging av HVL. På dette møtet bør også ressursperson frå HVL bli invitert.

Ein plan for vidare arbeid kan gjerast i dette skjemaet: HANDLINGSPLAN ETTER EKSTERN VURDERING.

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar. I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

Ståstadsanalyse?

Verktøyet er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet og er eit prosess- og refleksjonsverktøy som skal sette i gang utvikling og forbetring på den einkilde barnehagen. Analysen vert nytta for å velje ut tema for vurderinga.

Dokumentanalyse

Barnehagen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

Observasjon

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis. Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i barnehagen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

Samtaleguidar og skjema

1. Samtaleguide barn/elevar

1. Kva likar du å gjere på i barnehagen/skulen/SFO?
2. Kva slags digitale verktøy brukar de i barnehagen/skulen/SFO? (spør meir spesifikt i barnehagen, t.d. brukar de Ipad/digital tavle/kamera, PC, mobil, kopimaskin/skrivar?)
3. Kva brukar de dei (digitale verktøya) til?
4. Får de leike med og prøve dei (digitale verktøya) på eiga hand?
5. Kor brukar de kamera, Ipad mm? Inne/ute? I kva fag?
6. Har du laga noko med XX (digitale verktøy)?
7. Har du lært noko av å bruke XX (digitale verktøy)?

8. Har de reglar for bruk av XX (digitale verktøy)?
9. Hjelper dei vaksne dykk når de brukar XX (digitale verktøy)?
10. Kan alle dei vaksne hjelpe dykk når de brukar XX (digitale verktøy)?
11. Er det nokon som er på sosiale medier?
12. Kva gjer du når du er på nettet?
13. Kva spel spelar du?
14. Kva lærer du/de av dette?
15. Kor mykje tid brukar du på å vere på nettet og speling?
16. Veit lærarane noko om dei sosiale medier som de brukar?
17. Blir sosiale medier brukt på skulen?
18. Korleis støttar dei vaksne i bruken av (XX) dei digitale verktøya?
19. Har dei vaksne snakka om kva ein må tenke på når ein er på nettet?
(aldersgrenser, bruk av bilete, kjelder osv.)

2. Samtaleguide tilsette

Barneperspektivet:

1. Kva digitale verktøy har barna tilgang til?
2. Kva verktøy nyttar dei? til læring, utforsking, leik og skaping
3. Korleis opplever barna glede og meistring i leiken og læring med digitale verktøy?
4. Korleis støttar og rettleiar du barna i bruken av digitale verktøy?
(kjeldekritikk, personvern, digital dømmekraft)

Tilsetteperspektivet

5. Korleis nyttar du din digitale kompetanse?
6. Korleis utviklar du din digitale kompetanse?
7. Korleis legg du til rette for: utforsking, leik, læring, skaping *gjennom digitale uttryksformer*
8. Kva digital kompetanse er relevant for jobben du skal gjere?
9. Kjenner du at du kan nytte dei digitale verktøya på ein fagleg relevant og god måte?
10. Får du den opplæringa du treng for å kunne nytte verktøya de har på ein fagleg relevant og god måte?
11. Korleis held du deg orientert om barna sin mediebruk?
12. Kva legg du i at den digitale kommunikasjonen skal vere sikker og funksjonell?
13. I kva grad kjenner du til oppvekstsenteret sin plan for IKT?

Organisasjonsperspektivet

14. Korleis jobbar de med å få ei felles forståing av den digitale kompetansen i kvardagen?
15. Korleis jobbar de saman på tvers av avdelingane?
16. Korleis vert det lagt til rette for erfaringsutveksling og opplæring (innanfor tema)?
17. Korleis jobbar de i fellesskap med å utvikle oppvekstsenteret sin digitale kompetanse?
18. Korleis jobbar oppvekstsenteret med å utarbeide ein felles plan for arbeidet med å utvikle digital kompetanse?

Foreldreperspektivet

19. Korleis føregår den digitale kommunikasjonen mellom føresette og barnehagen?
20. I kva grad vil du seie at den digitale kommunikasjonen mellom føresette og oppvekstsenteret er sikker og funksjonell?
21. I kva grad kjenner føresette til oppvekstsenteret sin plan og praksis for bruk av digitale verktøy?
22. Korleis legg du opp til ein dialog med føresette om digital kompetanse?
23. Korleis vert føresette inviterte til å komme med innspel til oppvekstsenteret sitt innhald og arbeidsmåtar om utviklingsområdet?
24. I kva grad kjem føresette med innspel til oppvekstsenteret sitt innhald og arbeidsmåtar om utviklingsområdet?

3. Samtaleguide foreldre/føresette

1. Korleis føregår den digitale kommunikasjonen mellom føresette og oppvekstsenteret?
2. Kva legg de i at digital kommunikasjon er sikker og funksjonell?

3. I kva grad vil de seie at den digitale kommunikasjonen mellom føresette og oppvekstsenteret er sikker og funksjonell?
4. I kva grad kjenner føresette til oppvekstsenteret sin plan og praksis for bruk av digitale verkøy?
5. Kva digitale tema har det vore dialog om (i møte med oppvekstsenteret)?
6. Korleis vert føresette inviterte til å komme med innspel til oppvekstsenteret sitt innhald og arbeidsmåtar om utviklingsområdet?
7. I kva grad kjem føresette med innspel til oppvekstsenteret sitt innhald og arbeidsmåtar om utviklingsområdet?
8. I kva grad er refleksjon kring digital kompetanse fokus på foreldremøter?
9. I kva grad er refleksjon kring digital kompetanse fokus på utviklingssamtalar?
10. I kva grad opplever du at oppvekstsenteret og heimen samarbeider?
11. Korleis kan heimen bidra til læring og utvikling av digital kompetanse?

4. Samtaleguide organisasjon

Barneperspektivet:

1. Kva digitale verkøy har barna tilgang til?
2. Kva verkøy nyttar dei?
 - i. utforsking
 - ii. leik
 - iii. skaping

Tilsetteperspektivet

3. Korleis utviklar du din digitale kompetanse?
 4. Korleis nyttar du din digitale kompetanse?
 5. Korleis legg du til rette for:
 - i. utforsking
 - ii. leik
 - iii. læring
 - skaping
- (gjennom digitale uttrykksformer)*
6. Korleis legg du tilrette for erfaringsdeling og opplæring av dei tilsette i bruk av digitale verkøy?
 7. Kva digital kompetanse er relevant for jobben du skal gjere?
 8. Kjenner du at du kan nytte dei digitale verkøya på ein fagleg relevant og god måte?
 9. Får du den opplæringa du treng for å kunne nytte verkøya de har på ein fagleg relevant og god måte?
 10. Korleis held du deg orientert om dei tilsette sin mediebruk?
 11. Kva legg du i at den digitale kommunikasjonen skal vere sikker og funksjonell?

Organisasjonsperspektivet

12. Korleis legg du til rette for opplæring og forståing for barna i bruken av digitale verkøy? (timeplanar/ tid til opplæring m.m/ innføring av digital kompetanseplan jfr. fagfornyninga?.)
13. Korleis jobbar du med å legge til rette for felles forståing av den digitale kompetansen i kvardagen?
14. Korleis legg de til rette for at dei tilsette kan jobbe/utvikle sin digitale kompetanse på tvers av avdelingane?
15. Korleis vert det lagt til rette for erfaringsutveksling og opplæring (innanfor tema)?
16. Korleis legg du til rette for lik praksis når det gjeld dei tilsette sin dialog med føresette når det gjeld digital kompetanse?
17. Korleis jobbar du i fellesskap med å utvikle oppvekstsenteret sin digitale kompetanse?
18. Korleis jobbar oppvekstsenteret med å utarbeide ein felles plan for arbeidet med å utvikle digital kompetanse?
19. Kva for støtte får du frå barnehage-/skuleeigar for å drive dette utviklingsarbeidet?

Foreldreperspektivet

20. Korleis føregår den digitale kommunikasjonen mellom føresette og skulen?

21. I kva grad vil du seie at den digitale kommunikasjonen mellom føresette og oppvekstsenteret er sikker og funksjonell? (GDPR)

22. I kva grad kjenner føresette til oppvekstsenteret sin plan og praksis for bruk av digitale verktøy?

23. Korleis legg du til rette for felles praksis rundt refleksjon kring digital kompetanse fokus på foreldremøter? + utviklingssamtalar?

5. Observasjonsskjema

Barna/elevene	
Barna har tilgang til relevante, meningsfylte og tilfredsstillande digitale verktøy	barna utforskar, leiker, lærer og skaper sjølv gjennom digitale uttryksformer
barna får oppleve glede og meistring i leiken og læringa med IKT	barna får støtte og rettleiing i bruken av digitale verktøy
Tilsette	
Tilsette legg til rette for at barna utforskar, leiker, lærer og skapar noko gjennom digitale uttryksformer	Alle tilsette har relevant digital kompetanse i høve jobben dei skal gjere
Tilsette held seg orientert om barna sin mediebruk	Tilsette har ei felles forståing for arbeidet med den digitale kompetansen i kvardagen
Føresette/organisasjon/tilsette	
Det er sikker og godt fungerande digital kommunikasjon mellom føresette og oppvekstsenteret	Det er dialog mellom oppvekstsenteret og foreldra når det gjeld digital kompetanse <ul style="list-style-type: none"> ● Einvegs/tovegs? ● Om kva? ● Korleis medverknad? ● Foreldremøte/utviklingssamtalarer

Organisasjon	
<p>Leiinga legg til rette for erfaringsutveksling og opplæring av personalet (etter behov) innan utviklingsområdet</p>	<p>Leiar legg til rette for eit profesjonsfellesskap på tvers av skule, sfo og barnehage, der ein jamleg reflekterer rundt eigen og felles digital praksis</p>
<p>Dei tilsette har og viser vilje og evne til utvikling og endring av digital praksis</p>	<p>Oppvekstsenteret har ein felles plan for arbeidet med å utvikle digital kompetanse.</p>